



Øystre Slidre kommune

Formannskapet

Protokoll

Møtedato: 12.03.2026
Møtestad: Tingvang

Møtetid: Kl. 10:00 - 16:00

Medlemmer

Bjarne Budal
Mette Christiansen
Bente Oxhovd
One Granli Enerud

Parti

AP
AP
H
SV

Forfall

Odd Erik Holden

Parti

SP

Varamedl. møtte

Magne Egil Mjøs

Parti

SP

Andre som møtte:

Jostein Aanestad

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
10/26	Referat- og orienteringssaker
11/26	10/67 Oppføring av plasthall - Røde Kors
12/26	22/8 Heimre Kjølastølen 19 - Klagebehandling, privat avløpsanlegg
13/26	Svar på søknad om konsesjon for erverv av 17/1
14/26	Detaljregulering 202405 Sørre Garli og del av Garlislette - Utlekking til offentlig høyring og ettersyn
15/26	Godtgjørelse til fjellstyremedlemmer
16/26	Høring angående forslag til nye medlemskategorier i foreningen Norges nasjonalparkkommuner
17/26	Klage på VA gebyr
18/26	Reising av namnesak for namneledd på stadnamn i Øystre Slidre
19/26	Kommunedelplan for Naturmangfald - Høyringsutkast

10/26 Referat- og orienteringssaker

Tilråding

Sakene vert teke til vitande.

..... gir fullmakt til å godkjenne og signere protokollen.

12.03.2026 Formannskapet

Behandling

Sakene vert teke til vitande.

Formannskapet gir fullmakt til Bente Oxhovd og Magne Mjøs å godkjenne og signere protokollen.

Samrøystes vedteke

FS - 10/26 Vedtak:

Sakene vert teke til vitande.

Formannskapet gir fullmakt til Bente Oxhovd og Magne Mjøs å godkjenne og signere protokollen.

11/26 10/67 Oppføring av plasthall - Røde Kors

Tilråding

Formannskapet finn at saka er tilstrekkeleg utgreidd og at klaga ikkje har vesentleg nye opplysningar som gir grunnlag for å endre vedtaket i sak 26/974. Formannskapet stadfestar tidlegare vedtak og sender saka til Statsforvaltaren i Innlandet for endeleg avgjerd.

12.03.2026 Formannskapet

Behandling

Bjarne Budal la fram følgjande forslag til vedtak i saka:

Formannskapet er positiv til oppføring av beredskapslager, ut i frå beredskap og samfunnsnyttan av tiltaket. Formannskapet ber administrasjonen gjere ei ny vurdering av saka, og m.a. vurdere avbøtande tiltak for den visuelle verknaden av beredskapslageret. Dette vart samrøystes vedteke.

FS - 11/26 Vedtak:

Formannskapet er positiv til oppføring av beredskapslager, ut i frå beredskap og samfunnsnyttan av tiltaket. Formannskapet ber administrasjonen gjere ei ny vurdering av saka, og m.a. vurdere avbøtande tiltak for den visuelle verknaden av beredskapslageret.

12/26 22/8 Heimre Kjølaskolen 19 - Klagebehandling, privat avløpsanlegg

Tilråding

Etter handsaming og vurdering av ny klage datert 17.12.2025, finn formannskapet at det ikkje ligg føre nye opplysningar i saka som tilseier at vedtak i sak 25/13157, datert

26.11.2025, skal endrast. Klage frå VA-PROSJEKT & ANLEGG AS på vegne av Henri George Jaquet vert ikkje teke til følgje. Saka blir sendt til Statsforvaltaren i Innlandet for endeleg avgjerd.

12.03.2026 Formannskapet

Behandling

Samrøystes vedteke.

FS - 12/26 Vedtak:

Etter handsaming og vurdering av ny klage datert 17.12.2025, finn formannskapet at det ikkje ligg føre nye opplysningar i saka som tilseier at vedtak i sak 25/13157, datert 26.11.2025, skal endrast. Klage frå VA-PROSJEKT & ANLEGG AS på vegne av Henri George Jaquet vert ikkje teke til følgje. Saka blir sendt til Statsforvaltaren i Innlandet for endeleg avgjerd.

13/26 Svar på søknad om konsesjon for erverv av 17/1

Tilråding

Formannskapet gjev ut i frå ei samla vurdering Kjersti Dahle og Martin Dale konsesjon for erverv av eigedomen Dale Nedre i Øystre Slidre, GID:17/1.

Konsesjon vert gjeve på følgjande vilkår:

- Driveplikt på jordbruksareal skal oppfyllest i samsvar med jordlova § 8. Dette inneber at dersom søker ikkje sjølv ynskjer å drive jordbruksareala skal det innan eitt år etter overdraging opprettast leigekontrakt om bruk av dyrka jord i 10 år. Leigekontrakten skal godkjennast av kommunen.
- I samsvar med konsesjonslova § 5 er det eit vilkår at kjøparen buset seg på eigedomen innan eitt år frå tidspunktet for overdraging, og sjølv bur der i minst 5 år.

12.03.2026 Formannskapet

Behandling

Samrøystes vedteke.

FS - 13/26 Vedtak:

Formannskapet gjev ut i frå ei samla vurdering Kjersti Dahle og Martin Dalen konsesjon for erverv av eigedomen Dale Nedre i Øystre Slidre, GID:17/1.

Konsesjon vert gjeve på følgjande vilkår:

- Driveplikt på jordbruksareal skal oppfyllest i samsvar med jordlova § 8. Dette inneber at dersom søker ikkje sjølv ynskjer å drive jordbruksareala skal det innan eitt år etter overdraging opprettast leigekontrakt om bruk av dyrka jord i 10 år. Leigekontrakten skal godkjennast av kommunen.
- I samsvar med konsesjonslova § 5 er det eit vilkår at kjøparen buset seg på eigedomen innan eitt år frå tidspunktet for overdraging, og sjølv bur der i minst 5 år.

14/26 Detaljregulering 202405 Sørre Garli og del av Garlislette - Utlekking til offentlig høyring og ettersyn

Tilråding

Formannskapet legg forslag til endra reguleringsplan for Sørre Garli og del av Garlislette, ut til offentlig høyring og ettersyn, med følgjande endring i plandokumenta:

- Utnyttingsgrad på 15 % vert vidareført, og føresegn 1.1. 1.) vert justert slik:

1.1 Fritidsbygg

1.) I område regulert til fritidsbygg kan det på kvar tomt førast opp hytter / fritidshus og parkering med samla bebyggd areal (BYA) inntil 15%.

Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova §§ 12-11 og 12-10.

12.03.2026 Formannskapet

Behandling

Samrøystes vedteke.

FS - 14/26 Vedtak:

Formannskapet legg forslag til endra reguleringsplan for Sørre Garli og del av Garlislette, ut til offentlig høyring og ettersyn, med følgjande endring i plandokumenta:

- Utnyttingsgrad på 15 % vert vidareført, og føresegn 1.1. 1.) vert justert slik:

1.1 Fritidsbygg

1.) I område regulert til fritidsbygg kan det på kvar tomt førast opp hytter / fritidshus og parkering med samla bebyggd areal (BYA) inntil 15%.

Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova §§ 12-11 og 12-10.

15/26 Godtgjøreelse til fjellstyremedlemmer

Tilråding

Kommunestyret vedtek følgjande endring i Forskrift om folkevalde sine økonomiske vilkår i Øystre Slidre kommune

§2 Definisjon

Med folkevald meiner ein i dette reglementet medlemmer i kommunestyret, formannskapet og andre organ oppnemnde av kommunestyret i medhald av kommunelova eller i medhald av særlov.

§ 3-3, andre og tredje ledd vert endra til:

- Leiaren av kontrollutvalet, kommunestyrekomite, eldrerådet, råd for personar med nedsett funksjonsevne, fjellstyret, sakkunnig takstnemnd og sakkunnig klagenemnd for eigedomsskatt skal ha fast godtgjersle etter følgjande satsar:
 - Organ med 12 møte eller meir per år: 2 % rekna av godtgjersla til ordføraren

- Organ med 6 –11 møte per år: 1 % rekna av godtgjersla til ordføraren
- Organ med 2 – 5 møte per år: ½ % rekna av godtgjersla til ordføraren
- Organ med under 2 møte per år: ingen fast godtgjersle

Leiar for organ som har arbeidsgjevaransvar for tilsette får eit årleg tillegg tilsvarande 1,7% av godtgjersla til ordførar.

Den faste godtgjersla etter dette punktet, er godtgjersle for særleg belastning i ombodet, t.d. særskilt førebuing til møte, representasjon og opplæring utanom opplæringsplanen. Møtegodtgjersle etter pkt. 5.3 og utgiftstdekning/tap i arbeidsinntekt kjem i tillegg til den faste godtgjersla.

12.03.2026 Formannskapet

Behandling

Kommunedirektøren refererte til epost frå fjellstyret av 8. mars 2026.

Mette Christiansen la fram følgjande framlegg til vedtak:

Godtgjersla til fjellstyret vert fastsett i samsvar med tilrådinga frå fjellstyret.

Forslaget frå Mette Christiansen vart samrøystes vedteke.

FS - 15/26 Vedtak:

Tilråding:

Godtgjersla til fjellstyret vert fastsett i samsvar med tilrådinga frå fjellstyret.

16/26 Høring angående forslag til nye medlemskategorier i foreningen Norges nasjonalparkkommuner

Tilråding

Øystre Slidre kommune tilrår at Norges nasjonalparkkommunar vel Merkevaresporet i sitt vidare strategiarbeid. Styret vert bedt om å føreslå naudsynte vedtektsendringar for å gjennomføre Merkevaresporet.

12.03.2026 Formannskapet

Behandling

Samrøystes vedteke.

FS - 16/26 Vedtak:

Øystre Slidre kommune tilrår at Norges nasjonalparkkommunar vel Merkevaresporet i sitt vidare strategiarbeid. Styret vert bedt om å føreslå naudsynte vedtektsendringar for å gjennomføre Merkevaresporet.

17/26 Klage på VA gebyr

Tilråding

Klagen blir ikkje tatt til følgje. Eigar av gnr 10 bnr 10 skyldar Øystre Slidre kommune 30 855,- kr inkl mva. I tillegg kjem renter og gebyr på 8 145,- kr for perioden 11.03.2025 til 14.07.25 og 02.09.2025 til 11.01.2026.

Totalt skyldig beløp 39 000,- kr inkl. mva. skal betalast til Øystre Slidre kommune inne forfallsdato 02.04.2026

12.03.2026 Formannskapet

Behandling

Samrøystes vedteke.

FS - 17/26 Vedtak:

Klagen blir ikkje tatt til følgje. Eigar av gnr 10 bnr 10 skyldar Øystre Slidre kommune 30 855,- kr inkl. mva. I tillegg kjem renter og gebyr på 8 145,- kr for perioden 11.03.2025 til 14.07.25 og 02.09.2025 til 11.01.2026.

Totalt skyldig beløp 39 000,- kr inkl. mva. skal betalast til Øystre Slidre kommune inne forfallsdato 02.04.2026

18/26 Reising av namnesak for namneledd på stadnamn i Øystre Slidre

Tilråding

1. Formannskapet vedtek å reise namnesak overfor Kartverket for fylgjande namneledd og skriveformar på stadnamn i Øystre Slidre, som eit samlevedtak:
 - “ø” for kvart “o” i til dømes “øddin”, “høvda”, “føssen”, “brøtin”
 - “in”-ending i namn som til dømes “bakkin”, “øddin”, “brøtin”
 - “dn” for gamal “rn” i hovudledd: “tjednet” i eintal, og “tjedne” i fleirtal.
 - “adn”-, “idn”- og “udn”-endingar i til dømes “myradn” og “gravidn”.
 - “sørre” og “nørre” i til dømes Sørre og Nørre Trøllåsen
2. Saka vert sendt til Kartverket for vidare handsaming i tråd med stadnamnlova.

12.03.2026 Formannskapet

Behandling

Kommunedirektøren opplyste om ein skrivefeil i tilrådinga, skal stå “ø” for **kort** “o”...

Tilrådinga vart samrøystes vedteken. Saka vert sendt kommunestyre for handsaming.

FS - 18/26 Vedtak:

Tilråding

1. Kommunestyret vedtek å reise namnesak overfor Kartverket for fylgjande namneledd og skriveformar på stadnamn i Øystre Slidre, som eit samlevedtak:
 - “ø” for kort “o” i til dømes “øddin”, “høvda”, “føssen”, “brøtin”

- “in”-ending i namn som til dømes “bakkin”, “øddin”, “brøtin”
- “dn” for gamal “rn” i hovudledd: “tjednet” i eintal, og “tjedne” i fleirtal.
- “adn”-, “idn”- og “udn”-endingar i til dømes “myradn” og “gravidn”.
- “sørre” og “nørre” i til dømes Sørre og Nørre Trøllåsen

2. Saka vert sendt til Kartverket for vidare handsaming i tråd med stadnamnlova.

19/26 Kommunedelplan for Naturmangfald - Høyringsutkast

Tilråding

Formannskapet legg Kommunedelplan for naturmangfald ut på offentleg høyring. Høyringsperioden er minimum 6 veker.

12.03.2026 Formannskapet

Behandling

Formannskapet hadde nokre forslag til tekstlege endringar som vert teke omsyn til før planen vert lagt ut på høyring.

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

FS - 19/26 Vedtak:

Formannskapet legg Kommunedelplan for naturmangfald ut på offentleg høyring. Høyringsperioden er minimum 6 veker.